
Saksnr: 2025/4677-4
Saksbehandlar: Audun Erik Gisle Sunde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.04.2025

Fråsegn til høyring av melding om landstraum til Tampen-området

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ber om at vidare utgreiingsarbeid omfattar ei løysing der krafta vert henta frå Grov. Fylkeskommunen har tidlegare bedt Statnett framskande prosjektet Ny Grov stasjon. Store prosjekt som landstraum til Tampen kan, og bør gitt realisering, vere ein viktig faktor for å underbygge dette tiltaket.
2. Landstraum til Tampen vil sende kraft til eit område på sokkelen der det alt er realisert havvindproduksjon gjennom Hywind Tampen. Ytterlegare produksjon kan bli aktuell på sikt. Moglegheiter for å sende havvind til land, bør inngå i vidare utgreiingsarbeid.
3. Vi vonar at vidare utgreiingar vil syne at løysing via Grov vil stå fram som beste løysing. Dette vil i tilfelle gje samsvar mellom regionale interesser og interessene til lisenshavarane. Når det gjeld vidare utgreiing av dei løysingsalternativa som alt ligg i meldinga, så viser vi til kulturminnefagleg innspel i saksframstillinga.

Samandrag

NVE har sendt melding frå Equinor om elektrifisering av petroleumsfelt i Tampen-området med kraft frå land på høyring. Løysingsalternativa med kraft henta frå Bremanger kommune, er ikkje i tråd med ønskja frå Bremanger eller Kinn kommune, som begge peikar på at eventuell kraft frå land primært bør hentast frå Grov som ligg om lag 15 km aust for Florø sentrum.

Rune Haugsdal
fylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt melding frå Equinor om elektrifisering av petroleumsfelta i Tampen-området med kraft frå land på høyring. Fristen for innspel er 28. mars 2025. Vestland fylkeskommune har fått utsett frist for å rekkje politisk handsaming.

Målet med meldinga (som ligg på www.nve.no/16199/A) er å gje ei tidleg varsling av planane og føreslå utgreiingar som bør gjerast. Etter høyringa vil NVE fastsette eit utgreiingsprogram som skal dekkje nødvendig utgreiing av konsekvensane av tiltaket.

Følgjande tema inngår i forslag til utgreiingsprogram

- Arealbruk og forhold til planar og vern
- Naturmangfald
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Støy
- Forureining
- Klimagassutslepp
- Elektromagnetiske felt
- Fiskeri, havbruk og skipsfart
- Landbruk og andre naturressursar
- Luftfart, kommunikasjonssystem og annan infrastruktur
- Naturfare og beredskap

Tiltakshavar skriv at Olje- og gassindustrien i Noreg har sett seg mål om å redusere sine absolutte klimagassutslepp med 50 prosent innan 2030 og til nær null i 2050.

Snorre- og Gullfaksinnretningane vert i dag forsynt med kraft frå havvindanlegget Hywind Tampen. Dette dekkjer delar av kraftbehovet, resten vert generert av turbinar på plattform. Ytterlegare klimatiltak har blitt studert for Tampen-området. Ei løysing med kraft frå land til Snorre A-plattform er vurdert som den beste løysinga ut frå miljø, teknologi og økonomi. Snorre A vil også kunne forsyne fleire installasjonar, her under Snorre B og Gullfaks C, noko som ved full utnytting av kraft frå land-anlegget vil kunne gje utsleppskutt på om lag 490 000 tonn CO₂/år.

Det vert planlagt med eit effektuttak på 180 MW frå land. Melde løysingar for nettilknytning ligg i Bremanger kommune. Tilknytning til Ålfoten transformatorstasjon er vald som hovudalternativ med bakgrunn i lokaliseringsstudiar og dialog med Statnett og det regionale nettselskapet Linja. Dersom det skulle dukke opp forhold som gjer at hovudalternativet (Ålfoten) viser seg vanskeleg å realisere, vil også alternative løysingar bli utgreidde. Linja greier ut tilknytning til Linjas 132 kV-nett, anten ved Hennøy eller Ålfoten. Hennøy og Ålfoten er vurdert som robuste tilknytingspunkt i eksisterande nett. Frå eksisterande nett, via ny landstasjon, vert det meld ein ny luftleidning. Frå landtak er det planar om ny sjøkabel på om lag 170 –190 km (avhengig av landfall) ut til Tampen-området. Equinor planlegg å søke om konsesjon for nettanlegget i 2025.

Equinor melder tre moglege alternativ:

- Alt. 1 frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Bortnen, og sjøkabel ut til petroleumsfelta.
- Alt. 2 frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel ut til petroleumsfelta.
- Alt 3. frå Hennøy transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel ut til petroleumsfelta.

Overordna skisse over løysingar på land og i kystnære farvatn går fram av figur 1 og 2 under.



Figur 1 Overordna skisse over alternative løysingar på land (vist på folkemøte i Svelgen 24.02.25)



Figur 2 Kystnære sjøkabeltraséar for melde løysingar

Prosjektet vert vurdert som modent av Statnett, men det står per no i kapasitetskø. Køen vert jamleg oppdatert, og på møte i Svelgen 24. februar vart det sagt at det er venta ny status rundt påsketider.

På dette møtet vart det også vist til at elektrifisering er eit uttrykk for at lisenshavar ser langsiktig perspektiv for vidare drift av installasjonane. Og omvendt, dersom ein ikkje får til elektrifisering, så er det fare for at felta vert stengde ned tidlegare enn om elektrifisering vert realisert. Å utelukkande elektrifisere med havvind, utan kopling til nettet på land, vert sett på som dyrt og lite realistisk. Installasjonane treng kontinuerleg tilgang på kraft, og dei må i tilfelle oppretthalde og oppgradere reservekapasitet for kraftproduksjon om bord.

Tiltakshavar skriv at tilkopling til nettet ved Grov (om lag 15 km aust for Florø sentrum) har vore vurdert. Løysinga fordrar at det blir etablert tilkopling mot transmisjonsnettet (420 kV). I dag er det ingen transformatorstasjon på dette spenningsnivået ved Grov, så løysinga utløyer behov for at Statnett byggjer ny transmisjonsnett-stasjon. Equinor har drøfta moglege løysingar ved Grov med Statnett. Statnett har ikkje gjort konkrete vurderingar av naudsynt leidningsomlegging av 420 kV-nettet og tilknytning ved Grov er ikkje vurdert som mogleg innan 2030.

Kulturminnefagleg innspel

I samband med utgreiingane for kulturminne og kulturmiljø, er det viktig å vurdere om tiltaka vil ha verknad for dei Kulturhistoriske landskapa av nasjonal interesse (KULA) som tangerer eller ligg innanfor tiltaksområda.

Forslag til ny kabeltrasé som kjem i land i Djupevika/Nesbøvika med alternativ ilandføring av kabel i Bortne. Begge desse går innafor, eller tangerer KULA- området Midtre Bremanger – Seglingslei gjennom mytisk landskap.

Alternativet som går i land i Nesbøvika har to luftleidningar og ny landstasjon som ligg like utanfor grenseområde til KULA-område. Videre tangerer dette alternativet i grensa og innafor KULA-område fleire stader. Luftlinja kryssar kulturmiljøa Sandsetra og Gamlestøylen før den kryssar Svelgvatnet. Vidare forbi Langevatnet og Langesjøvatnet mot Dalsetevatnet vil luftspennet vere synleg frå Dalsete-støylen, som er registrert som eit kulturmiljø. Difor er det viktig å vurdere kva for konsekvensar tiltaka vil få for dette kulturmiljøet.

Vidare må det utgreiast kva for konsekvensar traséen for strekninga mot Ålfoten vil ha å seie for kulturmiljøet til det heilskaplege kulturmiljøet Vikasætra og Myklebustsætra.

I meldinga skriv Equinor at traséen som går mot Bortne vil verke inn på eldre kulturmiljø, Heimesætra og registrerte kulturminne i form av uteløer/fjøs. Her må ein vurdere avbøtande tiltak.

Luftspennet kan påverke kystlyngheia som er karakteristisk for dette området. Verknader for registrerte kystlyngheiområde må utgreiast.

Vi er elles samd i problemstillingane som Equinor ynskjer å få svar på gjennom utgreiingane (punkt 8.4). I tillegg ynskjer vi at det blir vurdert kva nærlegging av viktig infrastruktur til automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi, som til dømes Vingen helleristningsområde, kan ha å seie når det gjeld sårbarheit. Vi saknar utgreiing knytt til sårbarheit og beredskap til viktige kulturminne og kulturmiljø.

Fylkeskommunen har enno ikkje motteke høyringssvar frå Bergens sjøfartsmuseum i saka. Dette vil bli oversendt så fort det ligg føre.

Signal/posisjon Bremanger og Kinn kommune

Meldinga har vore handsama av Bremanger kommune og Kinn kommune.

Bremanger kommune handsama saka som drøftingssak i formannskapet 27. februar 2025. Administrasjonen fekk fullmakt til å greie ut høyringssvar ut frå signal i møtet. Hovudsignala var at kommunen ikkje ønskjer nokre av dei tre framlagde alternativa. Dei ønskjer utgreiing av eit fjerde alternativ, der det særleg vart peika på Grov.

Kommunestyret i Kinn handsama saka 13. mars 2025 (KOST- 015/25), og fatta der slikt vedtak: «Kinn kommune meiner at krafta til elektrifisering av sokkelen må kome frå offshore vind. Ny trase gjennom Bremanger kommune er eit stort inngrep på land som ikkje er naudsynt. Grov stasjon må oppgraderast, uavhengig av elektrifisering av sokkelen og realisering av havvind. Difor er det ein klar forutsetning at Grov vert utgreia som alternativ tilknytningspunkt dersom elektrifisering blir realisert.»

Tidlegare signal/posisjon Vestland fylkeskommune

Behovet for transformatorstasjon på Grov er tidlegare adressert av fylkeskommunen (ikkje spesifikt knytt til denne saka). Fylkesutvalet fatta 19. september 2024 følgjande samrøystes vedtak i sak PS 241/2024: «Vestland fylkeskommune ber Statnett framskande prosjekta Ny Grov stasjon og Ny Stord Transformatorstasjon.»

Når det gjeld elektrifisering av offshoreinstallasjonar med kraft frå land, kan det visast til sak PS 22/22 Høyring av landstraumanlegg for NOA/krafla, der fylkesutvalet 9. februar 2022 mot fire røyster vedtok følgjande i punkt 1: «Vestland fylke er bekymra for kraftsituasjonen i fylket og då særskilt nettkapasiteten i Bergensregionen. Vi er gjort kjent med at det allereie no er prosjekt innan landbasert industri som har vorte stansa grunna den låge nettkapasiteten, dette er krevjande då det er denne typen prosjekt som kan bidra til det grønne skiftet i regionen vår. Med bakgrunn i dette kan ikkje Vestland fylkeskommune på noverande tidspunkt støtta ein konsesjon for landstrøm til NOA/Krafla prosjektet, då dette kan utfordra nettkapasiteten ytterlegare.»

Vedtakskompetanse

Jfr. reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet, der kapittel 7: Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker."

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involvert i denne saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket påverkar ikkje fylkeskommunal bemanning eller økonomi.

Klima:

Regional plan for klima 2022-2035 legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vestland og Noreg sine klimamål skal i stor grad møtast ved å elektrifisere prosessar som tradisjonelt gjev klimagassutslepp.

Folkehelse:

Kraftlinjespørsmål engasjerer ofte mykje. Eit godt linjenett er naudsynt for robust kraftforsyning og avgjerande for elektrifisering og det grønne skiftet. Men nye og store kraftlinjer vekkjer også ofte motstand og motreaksjonar, ikkje minst frå dei som får desse nær innpå seg. Bremanger kommune erfarte store motsetningar i samband med utbygging av 420 kV-linje i Ålfoten-området, og dette synest å vere medverkande til dei ikkje ønskjer at landstraum til Tampen-området skal realiserast i dei områda Equinor har peika på.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):

I utviklingsplanen står det under strategi 4 at "overgang til fornybar kraft er ein premiss for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå andre berekraftsmål. I planperioden skal vi styrke energioverskotet frå fornybare energikjelder og sikre ei enda meir robust kraftforsyning." Meldinga er i og for seg i tråd med ambisjonen om overgang til fornybar kraft, men løysinga vil slik den er lansert, helst svekkje energioverskotet frå fornybare energikjelder, og gje ei mindre robust kraftforsyning.

Konklusjon

Equinor ønskjer å fullelektrifisere installasjonar i Tampen-området med kraft frå Land. Dei ønskjer å hente krafta i Ålfoten (eventuelt Hennøy) i Bremanger kommune. Både Bremanger kommune og Kinn kommune peikar på behovet for ny transformatorstasjon på Grov, noko som vil gje vesentleg betre krafttilgang i Florø-området. Bremanger kommune er også negativ til å byggje nye linjer i det området som Equinor har peika på. Equinor opplyser at dei ikkje er negative til Grov i seg sjølv, men at dei ikkje ser det som realistisk å få til ei løysing der innanfor ein akseptabel tidsperiode, der klimamål og restlevetid av installasjonane på sokkelen utgjer viktige faktorar. Statnett synest å vere ein heilt avgjerande aktør for å kunne vende planane i ei retning som også kjem regionen der krafta skal hentast frå til gode.